



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

*Kommunal- og distriktsministeren*

Stortinget presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/5518-4

24. november 2023

**Dokument 8:31 S (2023–2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om en ny handlingsplan mot antisemittisme**

Eg viser til brev datert 9. november 2023 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:31 S (2023–2024) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Dag-Inge Ulstein og Kjell Ingolf Ropstad om ein ny handlingsplan mot antisemittisme.

Representantane foreslår følgjande:

1. Stortinget ber regjeringen legge frem en ny handlingsplan mot antisemittisme.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke bevilgningen til ordningen Jødiske veivisere i regi av Det Mosaiske Trossamfund i revidert nasjonalbudsjett 2024.
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke bevilgningen til Dembra i lærerutdanningen i revidert nasjonalbudsjett 2024, slik at kunnskap om antisemittisme når ut til alle lærerstudenter. Økningen skal ikke gå ut over Dembras øvrige arbeid.
4. Stortinget ber regjeringen gjøre antisemittisme til et eget tema i læreplanen i skolen, slik at alle elever får undervisning om antisemittisme.
5. Stortinget ber regjeringen sørge for at jødisk liv og kultur tematiseres i læreplanen for barneskolen, for eksempel gjennom kulturinnslag.
6. Stortinget ber regjeringen sikre at det etableres eksplisitte føringer og kriterier for formidlingsaktivitet i utlysning og tildeling av forskningsmidler når det gjelder antisemittisme og jødedom. Føringerne må omfatte formidling av forskningsfunn til yrkesgrupper som lærere, politi, journalister mv.

7. Stortinget ber regjeringen etablere et professorat i jødiske studier ved Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo.
8. Stortinget ber regjeringen sikre at politiet får økt kompetanse på antisemittisme.
9. Stortinget ber regjeringen sikre at politiet prioriterer hatkriminalitet, herunder antisemittisme.

### **Generelt om arbeidet med ny handlingsplan**

Regjeringa tek all rasisme, hets, hatefulle ytringar og diskriminering på største alvor. Det gjeld òg den aukande antisemittismen. Kommunal- og distriktsdepartementet kunngjorde i ei pressemelding allereie 4. november 2023 at regjeringa skal starte arbeidet med ein ny handlingsplan mot antisemittisme. Handlingsplanen vil bli utarbeida i kontakt med den jødiske minoriteten i Noreg og andre relevante aktørar.

For 2024 har regjeringa foreslått å auke tilskota til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og Det jødiske samfunn i Trondheim med om lag 3 millionar kroner, jf. Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Målet for tilskotet er «å bidra til å motverke antisemittisme, støtte opp om synleg jødisk kultur, identitet og samfunnsliv i Noreg og synleggjere jødisk kultur og identitet overfor skuleungdom».

Regjeringa vidarefører tiltaka i gjeldande handlingsplan *Handlingsplan mot antisemittisme 2021– 2023 – en videreføring*. Det er 12 tiltak i planen, innanfor mange sektorar og dei fleste er løypande. Det betyr at tiltaka ikkje stopper opp sjølv om planperioden formelt sett går ut ved utgangen av året. Handlingsplanen har òg vore evaluert i 2023. I evalueringa kjem det fram at tiltaka mot antisemittisme har effekt, at den jødiske minoriteten er nøgd med kontakten med styresmaktene i oppfølginga av planen og at det framleis er naudsynt å ha ein innsats mot antisemittisme.

Evalueringa er kort omtalt i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Eg kan i den samanhengen samtidig gjere merksam på ein faktafeil i representantforslaget. Det ikkje står noko i proposisjonen om at planane om ein ny handlingsplan mot antisemittisme skulle vere skrinlagt.

Den gjeldande handlingsplanen inneheld tiltak på fleire område representantane tar opp i forslaget sitt og som vil bli vurderte i arbeidet til regjeringa med ein ny handlingsplan.

### **Dembra og tiltak i skulen**

Dembra (Demokrati mot fordomar og utanforskap) er eit nasjonalt tilbod til skular og lærarutdanningsinstitusjonar. Dembra har ein viktig posisjon når det gjeld førebygging av fordomar i skulen, og nettstaden [www.dembra.no](http://www.dembra.no), er ein viktig kjelde til øvingar og fagstoff for lærarar, lærarstudentar og dei som utdannar lærarar. Dembra for lærarutdanningane (Dembra LU) tilbyr undervisningsopplegg, konkrete tips og forskingsbasert fagstoff til arbeidet med demokrati og førebygging av fordomar i skulen. Dembra er utvikla i tråd med læreplanverket og fagfornyninga, og er gratis tilgjengeleg for alle brukarar. Fram til i dag har 141 skular med over 4000 lærarar fått rettleiing gjennom Dembra.

Vedtaket som foreset endringer i løyvingar til Dembra, bør etter mi vurdering bli behandla som del av den ordinære budsjettprosessen.

Læreplanane i dei ulike faga er kompetansebaserte. Det inneber at planane beskriv kva kompetanse elevane skal oppnå i eit fag og ikkje gir detaljerte skildringar av innhaldet elevane skal ha vært gjennom. Men det er unntak. Til dømes er holocaust og 22. juli spesifikt nemnt i læreplanverket.

Læreplanane i samfunnsfag, historie, samfunnskunnskap, norsk, musikk og KRLE har kompetansemål som bidrar til at elevane får heilskapleg kunnskap om diskriminering og rasisme. Antisemittisme skal òg være en del av undervisninga etter det nye læreplanverket.

Heilskapen i læreplanverket skal bidra til at elevane får innsikt i demokratiske verdiar og spelereglar. Gjennom skulegangen skal elevane lære om korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og livsoppfatningar. Elevane skal øva seg på å tenkja kritisk, ta ulike perspektiv og handtera meiningsbryting gjennom refleksjon, dialog og diskusjon. Antisemittisme kan vera ein naturleg del når desse tema blir diskuterte og underviste i.

I overordna del av læreplanverket står det at fem folkegrupper med århundrelang tilknytning til Noreg har status som nasjonale minoritetar: jødar, kvener/norskfinnar, skogfinnar, rom og romanifolket/taterar. Dei nasjonale minoritetane har bidrege til å forma den norske kultur-arven, og opplæringa skal gi kunnskap om desse folkegruppene.

Ifølgje læreplanen i KRLE skal faget skal gi elevane kunnskap om og forståing for religionar og livssyn lokalt, nasjonalt og globalt og på individ-, gruppe- og tradisjonsnivå. Læreplanen i KRLE legger til rette for at kristendom, jødedom, islam, buddhisme, hinduisme, sikhisme, nyreligiøsitet og livssynshumanisme kan behandlast både enkeltvis og i samanheng.

Kunnskap om jødisk liv og kultur er òg vareteke i læreplanverket. I læreplanen i KRLE går det vidare fram at faget skal gi elevane kunnskap om og forståing for religionar og livssyn lokalt, nasjonalt og globalt og på individ-, gruppe- og tradisjonsnivå. Læreplanen i KRLE legg til rette for at kristendom, jødedom, islam, buddhisme, hinduisme, sikhisme, nyreligiøsitet og livssynshumanisme kan behandlast både enkeltvis og i samanheng.

### **Forsking og høgare utdanning**

Når det gjeld formidling av forsking, inngår det i søknadsbehandlinga i Forskningsrådet. Alle forskingsprosjekt som får støtte frå Forskningsrådet blir vurderte etter tre overordna dimensjoner: Forsking og innovasjon (excellence), verknader og effektar (impact) og gjennomføring (implementation). Eit element som ekspertane vurderer i søknadene når det gjeld verknader og effektar er «planer for deling av kunnskap og bruk av forskingsresultat».

Universitet og høgskular er rammefinansierte. I 2024 tildeler Kunnskapsdepartementet UiO i overkant av 6,4 mrd. kroner. Styret ved UiO kan innanfor denne ramma prioritere innsats retta mot særskilte satsingar, som til dømes professorat.

### **Justissektoren**

Det vart i 2021 etablert eit nasjonalt kompetansemiljø innan hatkriminalitet som skal bidra til å heve politidistriktas kompetanse på området, og som kan rettleie i konkrete saker. Kompetansemiljøet er organisatorisk lagt til Oslo politidistrikt og skal omfatte ulike deler av politiets arbeid: Førebygging, etterretning, dialog og tillitsskapande arbeid, etterforsking og påtalebehandling.

Det er med andre ord satt i gang ei kompetanseheving i politiet som dekker alle grunnlaga som har særskilt vern i aktuelle føresegner i straffelova. Dette gjeld òg antisemittisme.

Det er vidare viktig å bidra til auka kunnskap om omfanget av saker som fell inn under dette motivet gjennom koding av saker og utarbeiding av statistikk. Antisemittisme ble lagt til som motiv for hatkriminalitet i 2018, som ei oppfølging av tiltak 6 i Handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020. Frå 2022 gir Politidirektoratet og Oslo politidistrikt ut ein årsrapport om hatkriminalitet i Noreg, som blir utarbeida av Nasjonalt kompetansemiljø innan hatkriminalitet. I rapporten blir det gitt ei eiga forklaring for hatkriminalitet som er motivert av antisemittisme. Det er eit siktemål at kompetansemiljøet skal gjera meir utdjupande analyser av sårbarheita til ulike grupper.

Gjennom årleg rundskriv om mål og prioriteringar for straffesaksbehandlinga, gir riksadvokaten føringar om kva slags saker som skal ha høgast prioritet i straffesaksbehandlinga. Hatkriminalitet er blant dei sentralt prioriterte sakstypene. I riksadvokatens mål- og prioriteringsrundskriv for 2023 (rundskriv nr. 1/2023) er dette beskrevet slik:

*"Straffbare handlinger motivert av fornærmedes hudfarge, nasjonalitet, etniske opprinnelse, religion eller livssyn, seksuelle orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller nedsatte funksjonsevne, skal fortsatt vies særskilt oppmerksomhet."*

Riksadvokaten retta særskild merksemd mot dette saksområdet i eit brev til statsadvokatembeta 13. mai 2019 på bakgrunn av to klager embetet hadde hatt til behandling. I brevet står det:

*"I denne saken har riksadvokaten [...] funnet det nødvendig å presisere viktigheten av at jøder som gruppe ikke identifiseres med staten Israel og dens politikk av politiet og påtalemyndigheten. Sondringen er både praktisk og prinsipielt grunnleggende viktig. Riksadvokaten minner samtidig om viktigheten av at påtalemyndigheten og politiet følger den negative utviklingen med hatefulle ytringer nøye, og har et våkent øye til nye utsagn av tilsvarende art [...]"*

Dette pålegget til statsadvokatene er framleis gjeldande.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Erling Sande'. The signature is stylized with large, sweeping loops and is written in a cursive script.

Erling Sande